



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval            | Møtedato   |
|-------------|------------------|------------|
| 82/14       | Komit  for drift | 02.12.2014 |

### Uttale til h ringa – forslag til endringar i privatskulelova, "ny friskulelov"

#### Samandrag av saka:

Kunnskapsdepartementet har sendt p  h ring; forslag til endringar i privatskulelova. Det blir foresl tt   bytte ut «private» med «frittst ande» skular, forkorta til «friskular». Derav ny «friskulelov». Endringane vil gjelde for dei private, (frie) skulane som f r statsst tte, b de p  grunnskule- og vidareg ande niv .

Departementet foresl r mellom anna   behalda gjeldande godkjenningsordning med krav til s rskilt grunnlag, men med ei endring og to nye punkt. Ein vil med det kunne s kja om driva friskule etter eit av f lgjande grunnlag:

- a) *Livssyn* (endra fr  religi st)
- b) Anerkjent pedagogisk retning
- c) Internasjonalt
- d) S rskilt tilrettelagt vidareg ande oppl ring i kombinasjon med toppidrett
- e) Norsk grunnskuleoppl ring i utlandet
- f) S rskilt tilrettelagt oppl ring for funksjonshemma
- g) Vidareg ande oppl ring i sm  og verneverdige handverksfag
- h) *Vidareg ande oppl ring i yrkesfag* (nytt)
- i) *Profilskule* (nytt)

I h ringsframlegget blir det lagt vekt p    tydeleggjera friskulane sitt handlingsrom for at dei skal vere eit reelt alternativ til den offentlege skulen. Departementet  nskjer eit st rre mangfald av skular, men det er i forslaget lovfesta, at ein vil ta omsyn til kva verknad godkjenning av nye friskular vil f  for kommunen/fylkeskommunen. B de n r det gjeld skulestruktur og til eventuelle budsjettmessige og skulefaglege konsekvensar.

R dmannen kan ikkje sj  at dei nemnde endringane - vil f   konomiske eller administrative konsekvensar for Fjell kommune.

#### Innstilling:

Fjell kommune sluttar seg til endringsforslaga i h ringsframlegget vedkomande privatskulelova, «ny» friskulelov.

Straume, den 12.11.2014

Steinar Nesse  
Rådmann

Wilhelm Anglevik  
Skulesjef

### **Handsama i Komité for drift - 02.12.2014:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komité for drift - 02.12.2014:**

Fjell kommune sluttar seg til endringsforslaga i høyringsframlegget vedkomande privatskulelova, «ny» friskulelov.

### **Dokument vedlagt saka:**

- Høyringsuttale – Forslag til endring i privatskulelova
- Fjell kommune støttar etablering av Norges Realfaggymnas på Straume
- Lenkje til høyringsnotat – «Ny friskulelov»:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/Horing---forslag-om-enderinger-i-privatskulelovenny-friskulelov.html?id=772401#>

- Lenkje til privatskulelova:

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-84?q=lov+om+private+skolar>

### **Saksopplysningar:**

«Lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skular (friskulelova)», innførte omgrepet frittstående skule, (forkorta friskule). § 1-2 i lova sa: «Frittstående skular er skular som er i privat eige, og som blir godkjende etter denne lova.....» Ved lov 29. juni 2007 nr 92, ble tittelen endra til «Lov om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova). Skoler godkjent etter gjeldende lov omtales som private skoler.»

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring; forslag til endringar i lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova).

### Det er foreslått endringar i:

- 1) Tittel på lova
- 2) Godkjenningssordninga
- 3) Krav til innhald og vurdering
- 4) Kompetansekrav for undervisningspersonalet
- 5) Inntak av elevar
- 6) Inntak av vaksne
- 7) Regulering av private skular som tilbyr vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett (toppidrettsgymnas)
- 8) Komplementerende undervisning
- 9) Skuleverksemd, bruk av skulepengar og statstilskot, tilsyn, reaksjonsformar m.m.
- 10) Innføring av karantene
- 11) Rammevilkår for godkjente skular

- 1) Tittel på lova:

Departementet vil ta tilbake omgrepet frittstående skular. Det offisielle namnet på den «nye» lova blir «*Lov 4. juli 2003 nr 84 om frittstående skular*», i vanleg tale; friskulelova. Friskular er etter definisjonen i lova, skular i privat eige som mottar statsstøtte. Støtta utgjer omlag 85% av driftskostnadene i den offentlege skulen. Etter departementet sin vurdering vil omgrepet friskule kunne bidra til ein ryddigare terminologi i omtalen av private skular. Private skular som er godkjent etter opplæringslova § 2-12 får ikkje statsstøtte. «*Opplæringslova § 2-12 private grunnskular: private grunnskular må ha godkjenning av departementet. Det skal givast godkjenning når skulen oppfyller krava i andre og tredje leddet.....*». Slike skular skal framleis nemnast private grunnskular. Sidan dei ikkje er offentleg finansierte, kan verksemda drivast på kommersielt grunnlag. På vidaregåande nivå er det fri etableringsrett, og skular som driv verksemd i kraft av retten, skal framleis heite private vidaregåande skular. Eigarane kan ta utbytte av drifta, og dei fastset sjølv kor høge skulepengane skal vere.

Lovendringa gjeld altså berre for skular i privat eige som får statsstøtte. Skulepengar for elevane er avgrensa til omlag 15% av driftskostnadene i den offentlege skulen.

## 2) Godkjenningsordninga:

Private skular som får statsstøtte, (heretter kalla friskular), må vera godkjent etter lova og skal vere eit reelt alternativ til den offentlege skulen. Departementet foreslår å behalda gjeldande godkjenningsordning med krav til særskilt grunnlag. Det er foreslått **ei endring og to nye** punkt. Friskulane skal etter den «nye» lova, drive verksemda på eit av dei følgjande grunnlag:

- a) *Livssyn* (endra frå religiøst)
- b) Anerkjent pedagogisk retning (for eksempel Montessori- eller Steinerpedagogikk)
- c) Internasjonalt
- d) Særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett
- e) Norsk grunnskuleopplæring i utlandet
- f) Særskilt tilrettelagt opplæring for funksjonshemma
- g) Vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag
- h) *Vidaregåande opplæring i yrkesfag\** (nytt)
- i) *Profilskule\** (nytt)

### \*Nytt punkt: h) – forklaring:

Den norske fag- og yrkesopplæringa byggjer på tett samarbeid mellom arbeidslivet sine partar og utdanningsmyndigheitene, både på sentralt og lokalt nivå. Departementet meiner at frittstående skular bør kunne tilby yrkesfagleg opplæring, for å bidra til å rekruttere kompetent arbeidskraft i samsvar med behovet i arbeidslivet. Frittstående yrkesfagskular skal følgje tilbudsstrukturen for offentlege vidaregåande skular og dei krav lova set til læreplanverk, læreplanar og dokumentasjon.

### \*Nytt punkt: i) – forklaring:

Departementet ønskjer å leggje til rette for at skular som ønskjer ein særskilt profil på opplæringstilbodet skal kunne få godkjenning etter eit nytt grunnlag –profilskule. For at ein skule skal kunne få godkjenning på dette grunnlag, må innhald og organisering samt eventuell pedagogikk, representere noko som er vesentleg annleis enn det som er den «normale» praksis i offentlege skular og andre friskular, som er godkjente etter lova. Profilskulane vil kunne få godkjent alternativ fag- og timefordeling. Departementet ønskjer eit større mangfald. Både grunnskular og vidaregåande skular, som fagleg legg vesentleg vekt på realfagleg-, idrett-, språk- og/eller kulturprofil vil kunne få godkjent eigne læreplanar. Blant anna foreslår departementet at timane til valfag på ungdomstrinnet, kan nyttast til eigne fag. Ordføraren har tidlegare uttalt at Fjell kommune støttar etablering av Norges realfaggymnas på Straume. (Sjå vedlagt brev)

Det vert presisert at kommunen/fylkeskommunen har høve til å komme med innseiing og vise til negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet. I vurderinga vil departementet sjå på korleis kommunen/fylkeskommunen argumenterer. Det er ikkje tilstrekkeleg at det ligg til grunn eit prinsipielt negativt syn på etablering av friskular. På grunnskuleområdet har skulenedleggingar dei siste åra, vært ein utløysande faktor for søknad om oppretting av

grunnskular etter privatskulelova. Dersom ein friskule blir godkjent i slike tilfelle, kan det føre til at andre offentlege skular må leggjast ned fordi elevtalet går ned. Etablering av ein friskule vil truleg påvirke kommuneøkonomien. Sjølv om friskulen får statleg støtte (ca 85% av driften i dei offentlege skulane), vil kommunen måtte dekkje utgifter til spesialpedagogisk hjelp, skuleskyss, samt eventuell morsmåls- og/eller særskilt norskundervisning. Med bakgrunn i dei negative konsekvensane dette kan få for kommunen, vil departementet presisere at kommunen/fylkeskommunen sin uttale og situasjon skal takast med i godkjenningsgrunnlaget. **Etter forslaget skal § 2 – 1 i den «nye» friskulelova lyde:** *«Departementet kan godkjenne private skular og driftsendringar ved private skular. Departementet kan godkjenne at ein grunnskule flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skule flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skule skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet eller andre særlege grunnar tilseier at skulen ikkje skal godkjennast. Vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjente skular har rett til statsstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.*

3) Krav til innhald og vurdering:

I regjeringserklæringa heiter det at: *«regjeringen vil åpne for at flere kan drive offentlig finansierte friskoler, og gjeninnføre en lov om frittstående skoler der kravet til formål erstattes med krav til innhold og kvalitet. Skoler som oppfyller vilkårene skal ha rett til godkjenning, med mindre en helhetsvurdering tilsier at godkjenning vil gi negative konsekvenser for det offentlige skuletilbudet. Regjeringen vil vurdere kapitaltilskudd til etablerte friskoler for oppgradering av eldre bygningsmasse. Friskoler skal ikke kunne betale utbytte til eierne.»*

Forslag i høringsframlegget tek sikte på å tydeleggjera friskulane sitt handlingsrom og deira moglegheit til å vere eit reelt alternativ til den offentlege skulen. Det blir likevel presisert at departementet vil ta omsyn til kva verknad ei godkjenning vil kunne få for kommunen eller fylkeskommunen sin skulestruktur, og til budsjettmessige og skulefaglege konsekvensar. Ein friskule vil måtte oppfylle ei rekkje krav til innhald og kvalitet. Opplæringa skal vere på norsk eller samisk. (Kravet gjeld ikkje internasjonale skular)

4) Kompetansekrav for undervisningspersonalet:

Privatskulelova § 4-2, gjeld kompetansekrav for undervisningspersonale. Dersom profilen til skulen krev det, må skulen dokumentere kva krav dei vil stille til utdanningspersonalet – utover godkjent lærarutdanning.

5) Inntak av elevar og

6) inntak av vaksne:

§ 3-1 i privatskulelova gjeld inntaksområdet, som omfattar heile landet, og elevplassar. Det er foreslått å føye til: *«Skulane kan reservere eit begrensa antall av elevplassane til søkjarar som kjem etter hovudopptaket.»* Vidare blir det føyd til følgjande: *«Departementet kan gi forskrifter om inntak av **ungdom og vaksne** søkjarar med rett til vidaregåande opplæring, inntak av **vaksne** søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring og om inntak av utanlandske søkjarar.»*

7) Regulering av private skular som tilbyr vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett (toppidrettsgymnas)

Det blir to ulike modellar å velje mellom.

8) Komplemeterande undervisning:

Ordninga gjeld internasjonalt samarbeid og støtteordningar til undervisning for norske statsborgarar. Elevar som går på skule i utlandet, kan ha rett til opplæring i norsk, samfunnsfag og RLE, (religion, livssyn, etikk) Det kan også vere utanlandske skular som får norsk statsstøtte, og det blir gitt tilskot til nettskular som tilbyr «komplemeterande»/tilleggsundervisning. Nokre internasjonale og utanlandske skular i Norge har fram til no fått statstilskot, men dei vil etter den føreslåtte endringa i lova misse tilskotet.

9) Skuleverksemd, bruk av skulepengar og statstilskot, tilsyn, reaksjonsformar m. m: Forslag til endringar på områda inneberer ikkje realitetsendring i dagens regulering, og får ikkje følgjer for den offentlege skulen.

10) Innføring av karantene:

Departementet foreslår å innføre ein ny paragraf i lovteksten som skal gi tilsynsmyndighetene høve til å gje karantene ved alvorlege lovbrøt i høve friskulelova. Lovforslaget skal omfatte både einskildpersonar og «organisasjonar».

11) Rammevilkår for godkjende skular:

§ 6-1, første ledd i privatskulelova seier: «*Godkjende skular får statstilskot til godkjend opplæring med 85 prosent av eit tilskotsgrunnlag per elev. Til grunn for tilskotsgrunnlaget ligg gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skulen.*» Departementet legg ikkje fram endringsforslag som får økonomiske eller administrative følgjer for offentlege grunnskular, eller for offentlege vidaregåande skular.

**Vurdering:**

Rådmannen viser til FS-sak 43/13 – Realfaggymnas på Sotra, der formannskapet gjorde slikt vedtak i møte 23.09.2013:

*«Formannskapet tek saka til orientering og stiller seg positiv til at Norges Realfaggymnas etablerar seg på Straume i Fjell.»*

Komite´for drift gjorde i PS-sak 14/14 – Høringsuttale – Forslag til endring i privatskulelova04.03.2014, følgjande vedtak:

*«Fjell kommune stiller seg positiv til endringsforslaget i høyringsnotatet vedkomande endring i privatskulelova.»*

Ei satsing på alternativ til den offentlege **vidaregåande opplæringa**, vil kunne auka interessa for utdanning for elevane, og bidra til at lokale bedrifter kan få naudsynt kompetanse innan sitt fagfelt. Fjell kommune ønskjer velkommen eit utstrakt samarbeid mellom skule og næringsliv. Søknad om å få etablere friskular på yrkesfagleg grunnlag, eller med ein fagleg profil som næringslivet treng og etterspør - vil bli positivt møtt.

På **grunnskulenivå** har den offentlege skulen i Fjell kommune overkapasitet. Kommunen har allereie ein stor privat aktør. Danielsen skule Sotra, vil etter endring i lovverket høyre til kategorien friskule. Ein eventuell godkjenning etter søknad om nyetablering av nye friskular i tillegg, ville kunne få negative verknader for det offentlege skuletilbodet. Kommunen pliktar å dekkje utgifter til skyss for elevar i friskular som har over 2/4 km til skulen. Fjell kommune ville også måtte dekkje utgifter til spesialpedagogisk hjelp og/eller særskilt norskopplæring og eventuell morsmålsundervisning for dei som har rett på det. Rådmannen er derfor nøgd med at det er presisert med tilføyning i den nye friskulelova § 2-1, at ein eventuell godkjenning, skal ta omsyn til kva verknad nyetablering av friskular vil få for kommunen/fylkeskommunen, både når det gjeld skulestruktur, eventuelle budsjettmessige og skulefaglege konsekvensar. Rådmannen kan med bakgrunn i denne «forsikringa» i lovs form,

ikkje sjå at dei nemnde endringane - vil få økonomiske eller administrative konsekvensar for Fjell kommune.